

Møteinkalling

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

Møtestad: Sogndal Lodge, Sogndal

Dato: 23.11.2015

Tidspunkt: 09:30

Hei!

Velkommen til styret sitt siste møte denne styreperioden. Vi skal ha eit effektivt, men trivelig møte.

Både fast representant og vara fra Førde har meldt avbod. Det same har representanten frå fylkeskommunen. Elles kjem alle til Sogndal Lodge, Allmenningen 10 i Sogndalsfjøra. Vi får god mat til lunsj, og reknar med å være ferdige til kl. 13:30.

Eventuelt forfall må meldast snarast til Maria på tlf. 93 66 42 56. Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 1/15	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/15	Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll		
ST 3/15	Orienteringar		
ST 4/15	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - tiltaksplan 2016		2015/4004
ST 5/15	Jostedalsbreen nasjonalpark - bestillingsmøte for 2016		2015/4004

ST 1/15 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 2/15 Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll

ST 3/15 Orienteringar

Arkivsaksnr: 2015/4004-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 16.11.2015

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	4/15	23.11.2015

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - tiltaksplan 2016-17

Innstilling frå forvaltaren

Saka vert lagt fram utan innstilling, men med eit utkast som grunnlag for diskusjon i møtet.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Strategi for bruk av midlar til tiltak i verneområder 2015-2020
- Innmelding av behov for tiltaksmidlar, og bestillingsmøter mellom nasjonalpark-/verneområdestyrer og Statens naturoppsy lokalt, Miljødirektoratet 10.11.2015

Strategi for bruk av midlar til tiltak i verneområde legg føringar for bruk av tiltaksmidlar; «*Gjennomføring av konkrete, praktiske tiltak i verneområdene er en del av forvaltningen av verneområdene og skal saman med praktisering av verneforskriften og annet arbeid bidra til å oppnå disse målsettingene*». Verneområda skal forvaltast på ein måte som byggjer opp under verneformåla slik at verneverdiane ikkje vert reduserte eller vert øydelagde. Økosistema skal takast vare på for framtidige opplevingar og for verdiskaping i utmarkskommunane.

Nasjonalparkstyret skal utarbeide ein tiltaksplan for 4-års perioden styret er valt for. Det kan vere årleg evaluering av tiltaksplan. Tiltaka skal vera forankra i forvaltningsplanen for Jostedalsbreen og tilhøyrande skjøtselsplan.

Fagleg rådgjevande utval (FRU) for Jostedalsbreen, administrativt kontaktutval og SNO skal vera inkludert i utarbeidingsa av tiltaksplanen. I sak 24/14 vedtok nasjonalparkstyret ein tiltaksplan for 2015 med bakgrunn i evaluering av gjennomførte tiltak i 2014.

Tiltaksplanen er grunnlaget for det som tidlegare var omtalt som bestillingsdialogen med SNO, som no heiter bestillingsmøtet. Bestillingsmøtet handlar om innmelding av behov for tiltaksmidlar for 2016 til Miljødirektoratet. Tiltaksmidlane er statlege investeringsmidlar, jf. budsjettpost 1420.31 (statsbudsjettet), og kan gå til tiltak som er naudsynte for å ivareta verneføremålet. Tiltaka kan vere i forma av informasjon, skjøtsel, tilrettelegging og kjøp av naudsynt utstyr for å gjennomføra tiltak.

Forvaltningsstyresmakta skal sjølv disponere og prioritere kven som skal gjennomføre tiltaka. SNO sine oppgåver og aktivitetar i verneområda skal samordnast med tildelinga av midlar til tiltak i verneområda, for å få ein effektiv bruk av dei samla ressursane til tiltak i verneområda.

Vurdering

Ut frå erfaringar med tiltak i verneområda er det gjeve føringar på at større tiltak skal ha planavklaringar før tiltaka vert meldt inn. Det kan tildelast tiltaksmidlar til forprosjektering. Det kan brukast tiltaksmidlar på tiltak utanfor verneområde der tiltak både innafor og utafor verneområde er viktig for å ta vare på verneverdiane.

Kvar haust går sekretariatet breitt ut for å informere om korleis ein kan skaffe midlar til gode tiltak i og i randområda til nasjonalparken. Invitasjonen til innspel til tiltaksplanen har vore nettsida til nasjonalparkstyret i to månader, og saka har også vore spreidd i sosiale medium (oppslaget nådde 309 personar på Facebook). Administrativt kontaktutval har fått invitasjon, samt resultat frå gode diskusjonar i møtet i fagleg rådgjevande utval. Det har komme inn nokre framlegg til tiltak, men ikkje så mange som kan «gå rett inn» i tiltaksplanen.

Det er nasjonalparkstyret som gjer dei endelege prioriteringane etter at midlane er fordelt av Miljødirektoratet på seinvinteren 2016.

Forvaltar legg fram forslag til tiltak i 2016 på bakgrunn av tidlegare tiltaksplanar, evalueringssamtalar med SNO av gjennomførte tiltak, og framlegg til nye tiltak frå FRU og andre. Dei stipulerte kostnadane er utan mva grunna nye retningslinjer i staten.

Styret må gå gjennom innspela og prioritere tiltaka under møtet.

Arkivsaksnr: 2015/4004-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 16.11.2015

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	5/15	23.11.2015

Jostedalsbreen nasjonalpark - bestillingsmøte for 2016

Innstilling fra forvaltaren

Framlegg til bestillingsskjema for SNO sin arbeidstid 2016 vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar


Dokument i saka:

- Årsrapport frå SNO Jostedalsbreen, datert 13.11.15
- Innmelding av behov for tiltaksmidler, og bestillingsmøter mellom nasjonalpark-/verneområdestyrene og Statens naturoppsyn lokalt, brev frå Miljødirektoratet datert 10.11.15

Bestillingsdialogen er ein formalisert prosess mellom forvalningsstyresmakt og SNO lokalt for å sikre god dialog og forutsigbarhet av oppsynsinnsats og gjennomføring av tiltak i felt. Bestillingsmøtet er ein arena for rapportering frå SNO lokalt, drøfting av status, utfordringar og tiltaksbehov.

I bestillingsmøtet med SNO skal styret drøfte ønskje om bistand/ressursbruk frå SNO til kartlegging og tiltak og eventuelle prosjekt, i tillegg til kjerneoppgåvene som mellom anna er oppsyn og overvakning av naturtilstand.

Opplegg for gjennomføring av bestillingsmøtene



Bestillingsmøte 1 er i styremøtet november/desember, og bestillingsmøte 2 er etter endeleg budsjettildeling i februar/mars. Då tar nasjonalparkstyret dei endelige prioriteringane og avtaler feltoppgåver og tiltak i verneområdet.

For Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vert bestillingsdialogen gjennomført mellom nasjonalparkstyret og SNO lokalt ved Anne Rudsengen. Årsrapporten til SNO Jostedalsbreen ligg som viktig bakgrunnsinformasjon før bestillingsmøte 1.

Vurdering

Eit framlegg til bestillingsskjema for SNO sine ressursar for 2015 vil bli lagt fram på styremøtet. Utkastet er basert på tidlegare års erfaring, samt årsrapporten frå SNO for 2015.

Tidlegare har det vore eit A-skjema (SNO sine kjerneoppgåver) og eit B-skjema (feltoppgåver i verneområdet som ligg utanfor SNO sine faste kjerneoppgåver). Frå og med i år er det berre eitt skjema. Innan følgjande kategoriar skal styret prioritere oppgåver: Tilsyn/kontroll, tiltak (skjøtsel/tilrettelegging), kartlegging/registrering/overvaking, og til slutt naturvegleiing/informasjon.

Tiltaksplanen og framlegget til bestillingsskjema vil vere utgangspunktet for dialogen mellom nasjonalparkstyret og SNO.

Nasjonalparkstyret kan komme med framlegg om tiltak for prioritering inn i skjemaet, eller fjerne foreslegne tiltak under møtet.